

Spennande sommarmusikk på Oska.

18.07.2016



Det vert skikkeleg sommarstemning på Oska når Nuit Blanche kjem.

Både fredag og laurdag er det klart for spennande konsertar på Oska. Då opptrer trioen Nuit Blanche. Det franske namnet kjem av at bandet sin musikk er inspirert av fransk stringswing. Den akustiske trioen spelar musikk som er godt tilpassa både lokala på Oska, og årstida så det bør bli ein flott sommarkveld i sjøkanten.

Bandet sin vokalist, Vivi-Ann Brede Souyris, er inspirert av denne sjangeren etter at ho budde 12 år i Frankrike. Dette var også sjangeren ho konsentrerte seg om i bachelor-oppgåva si som faglærar i musikk, og i den samanheng hugsar sikkert nokre at ho hadde eksamenskonsert på Rosendal Turisthotel i vår med bandet Hot Campus de Rommetveit. Vivi-Ann er ein erfaren og dyktig vokalist og låtskrivar, og ho spelar også melodika i bandet.

- No tar vi dette vidare frå Hot Campus-konserten med ein litt annan besetning. Det vert mange franske tekstar og gode improvisasjonar, og sidan vi ikkje spelar elektriske instrument, berre mikkjar opp litt klang, vert det eit behageleg lydnivå for publikum, fortel Roger Sjøvolld Dalland, opphavleg tysnesing og ein usedvanleg dyktig musikar. På konsertane fredag og laurdag spelar Roger 12-strengs akustisk gitar og fotorgel.

Tredjemann i bandet, Sebastian L. Torjusen, skulle vera velkjend nok for publikum som ein dyktig tuba- og susafon-spelar. I Kvinnherad er han vel mest kjend som korpsmusikar og Brazzooka-leiar, men dei siste åra har han gjort det stort på mange konsertscenar saman med svært dyktige medmusikantar i OHIO.

Fredag serverer den muntre trioen ein forrett. Då startar dei å spele kl.19 medan gjestene kan nyta det restauranten serverer av mat og drikke. Laurdag kl.22 er det klart for den store konserten, og då entrar bandet scenen etter middagen, kl.22.

Dei tre musikarane har spela mykje saman. Tidlegare spela dei saman i bandet HardAnger. Der var også Sindre Aksnes som snart gjer austlending av seg, med på trommer.

Det kjem garantert til å svinga godt på Oska når trioen spelar opp.

- Det er også ganske sansynleg at det dukkar opp gjesteartistar, avsluttar Roger Dalland Sjøvold.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Artistane.